



Fiskebåtreiar Inge Halstensen er tilbake i Kvinnherad Senioruniversitet

Etter fleire avlyste møte i vår, ynskjer Senioruniversitet velkomen til det fyrste møte i haust torsdag 10. september i Rosendal. Fiskebåtreiar Inge Halstensen frå Bekkjarvik i Austevoll kommune kjem på nytt til Kvinnherad, denne gongen med eit føredrag om Fisk og fiskerier på Vestlandet. Føredraget vil ta føre seg fiskeria i nyare tid. Utan fisken i havet hadde det vore lite busetnad på Vestlandet.

Men i løpet av 1900-talet utviklar samfunnet seg radikalt og frigjer seg frå dei to basisnæringane jordbruk og fiske. Like fullt er det havet som politikarane peikar mot i dag. Havet skal visst løysa dei fleste problem.

Inge Halstensen er i dag ein profilert person i inn- og utland. Han er hovudpersonen bak utbygginga av Bekkjarvik slik vi ser det i dag. Han har ført tradisjonen vidare i den over 120 år gamle familieverksemda K. Halstensen AS med oppstart i 1897. Til 100 års markeringa i 1997 kom boka Bekkjarvik – eit kremmerleie gjennom 350 år.

Både arbeid for Noreg i fiskeriforhandlingar, organiasjonsarbeid i Noregs sildesalslag, Fiskebåt og løftet Inge Halstensen har gitt Bekkjarvik vart trekt fram då Inge Halstensen fekk Kongens fortienstmedalje for ei tid tilbake.

På grunn av Koronatiltaka, vert det ikkje servering denne gongen. 1-meters regelen vil gjelda, og ein må registrera kven som kjem.

Tekst/ foto: Pressemelding
Nett: Kristian Bringedal